Hyllestad kommune

Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald 2025-2028

Temaplan

Vedteken i k-styret: 12.12.2024

1 Innhald

1 INNHALD 1

FØREORD 2

1. INNLEIING 3

2. OVERORDNA FØRINGAR 3

2.1 FN SINE BEREKRAFTMÅL 3
2.2 MELD. ST. 40 (2015-2016) TRAFIKKSIKKERHETSARBEIDET – SAMORDNING OG ORGANISERING 4
2.3 MELD. ST. 14 (2023-2024) NASJONAL TRANSPORTPLAN 2025-2036 4
2.4 BARNAS TRANSPORTPLAN 4
2.5 NASJONAL TILTAKSPLAN FOR TRAFIKKSIKKERHET PÅ VEI (2022-2025) 5
2.6 REGIONAL TRANSPORTPLAN VESTLAND 2022-2033 5
2.7 HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGLEIK I VESTLAND 2022-2025 5
2.8 FOLKEHELSE OG TRAFIKKTRYGGLEIK 5

3. ULYKKESSITUASJONEN/-UTVIKLINGA I HYLLESTAD KOMMUNE 6

3.1 TRAFIKKULYKKER I HYLLESTAD KOMMUNE 6
3.2 TRAFIKKTRYGGINGSUTFORDRINGAR I KOMMUNEN 8

4. TRAFIKKSIKKER KOMMUNE 9

5. MÅL OG STRATEGI FOR TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET I HYLLESTAD KOMMUNE 9

5.1 MÅL 9
5.2 STRATEGI 9

6. KOMMUNALE TILTAK 10

6.1 HYLLESTAD SOM TRAFIKKSIKKER KOMMUNE 10
6.2 KOMPETANSEHEVING 11

7. ØKONOMI 12

8. EVALUERING OG RULLERING 12

9. VEGVEDLIKEHALD 12

4.1 MÅL 12
4.2 ANSVAR OG OPPFØLGING 13
4.3 STATUS KOMMUNALE VEGAR 13
4.4 DRIFT/INVESTERING 16
4.5 TILTAK 16

VEDLEGG 1 – HANDLINGSPROGRAM 2025-2028 17

Føreord

Kommunestyret gjorde vedtak i sak 21/083 den 09.12.2021 at vegvedlikehaldsplanen og trafikktryggleiksplanen skulle slåast saman og at det blei utarbeidd nytt felles handlingsprogram.

Denne planen har derfor teke utgangspunkt i eksisterande vegvedlikehaldsplan og trafikktryggleiksplan for Hyllestad kommune, og samla desse i ein plan. Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald 2025-2028 er utarbeida som ein temaplan.

Del som gjeld trafikktryggleik gjeld for vegnettet i heile kommunen og omfattar fysiske tiltak, samt tiltak knytt til opplæring og informasjon (førebyggjande tiltak). Målet er systematisk trafikktryggingsarbeid.

Del som gjeld vegvedlikehald gjeld for det kommunale vegnettet i heile kommunen, og omfattar status og behov for oppgradering av det kommunale vegnettet.

Planen har status som temaplan, og vil erstatte *plan for oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar 2020 -2023* og *trafikktryggingsplan 2022 – 2030*.

1. Innleiing

Visjonen om null drepte og hardt skadde ligg til grunn for trafikktryggingsarbeidet i Noreg.
Sidan 2010 er det sett etappemål for arbeidet med nullvisjonen, og i Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036 heiter det:

«Innen 2030 skal det maksimalt være 350 drepte og hardt skadde i veitrafikken, hvorav maksimalt 50 drepte. Ingen skal omkomme i veitrafikken i 2050.»

Trafikktryggingsarbeidet handlar om å redusere risikoen for skadar og ulykker blant alle trafikantgrupper i alle aldrar. Trafikktryggingsplanen vår skal vareta dei viktigaste prioriteringane for å auke trafikktryggleiken i kommunen, og arbeidet vårt skal vere eit bidrag for å nå dei nasjonale måla. Kommunen har fleire roller og oppgåver som inneber at ein direkte eller indirekte har mange partar som kan medverke til å betre trafikktryggleiken, til dømes

- Planmynde
- Skule- og barnehageeigar
- Arbeidsgjevar
- Transportkjøpar
- Folkehelseaktør
- Vegeigar

Trafikktryggingsarbeidet i kommunen omfattar alle desse områda. Etter folkehelselova og plan- og bygningslova har kommunen eit generelt ansvar for å førebyggje skadar og ulykker. Kommunen har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Som vegeigar har kommunen eit spesifikt ansvar for trafikktryggingstiltak på kommunale vegar i samsvar med veglova. Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald for Hyllestad kommune 2025-2028 vil danne grunnlaget for å vidareføre trafikktryggingsarbeidet i kommunen.

2. Overordna føringar

For å sikre ein raud tråd i arbeidet frå nasjonalt til lokalt nivå er det lagt vekt på desse styringsdokumenta:

- FN sine berekraftsmål
- Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering
- Nasjonal transportplan (NTP)
    - Barnas transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025
- Regional transportplan Vestland 2022-2033
    - Handlingsprogram for trafikktrygging Vestland 2022-2025

2.1 FN sine berekraftmål

FN sine berekraftmål er den felles arbeidsplanen for heile verda som skal bidra til å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Dei mest relevant punkta for det kommunale trafikktryggingsarbeidet i samband med berekraftsmålar er:

- Mål 3 God helse:

    - Delmål 3.6) Innan 2030 halvere talet på dødsfall og skadar i verda som skriv seg frå trafikkulykker
- Mål 4 God utdanning:
    - Delmål 4.7) Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling […]
- Mål 11 Berekraftige byar og samfunn:
    - Delmål 11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane […] med særleg vekt på behova til […] barn
- Mål 17 Samarbeid for å nå måla
    - Stimulere til og fremje velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet […].

2.2 Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering

Regjeringa legg til grunn at Noreg er verdsleiande innanfor trafikktryggleik på veg som følgje av målretta, tverrsektoriell, kunnskapsbasert og langsiktig innsats. Trafikkulykker utgjer likevel eit betydeleg samfunnsproblem, og omfanget av tapte liv er uakseptabelt. Trafikktryggleik må derfor framleis ha høg prioritet, med nullvisjonen som eit av hovudmåla for transportpolitikken.

I stortingsmeldinga presenterer regjeringa seks satsingsområde, og forankring av det tverrsektorielle trafikktryggingsarbeidet på overordna nivå er eitt av desse.

Generelt vil regjeringa vidareføre ei brei tilnærming i trafikktryggingsarbeidet, ein målretta innsats mot dei alvorlegaste ulykkestypane og ein målretta innsats overfor risikogrupper. Det trafikantretta trafikktryggingsarbeidet skal vektleggjast.

2.3 Meld. St. 14 (2023-2024) Nasjonal transportplan 2025-2036

Det overordna målet for Nasjonal transportplan 2025–2036 er *«eit effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i heile landet i 2050».*

Nullvisjonen, visjonen om null drepne og hardt skadde i norske vegtrafikkulykker, er ein av dei fem likestilte handlingsstrategiane i Nasjonal transportplan, og denne ligg til grunn for trafikktryggingsarbeidet i Noreg.

Etappemål fram til 2030 er maksimalt 350 hardt skadde og drepne i vegtrafikkulykker, av desse maksimalt 50 drepne. Samtidig er null drepne i vegtrafikken innan 2050 eit mål.

I Nasjonal transportplan 2025–2036 har regjeringa lagt vekt på å utvikle eit godt transportsystem som gir friheiter og moglegheiter for alle, aukar livskvaliteten, bidreg til verdiskaping, beskyttar og reddar liv og medverkar til betre helse, miljø og klima.

2.4 Barnas transportplan

Barn og unge er både dagens og morgondagens trafikantar. Eit godt transportsystem skal vere trafikksikkert og tilpassa alle, og det skal la barn og unge leve eit aktivt liv i bygd og by. God trafikk- og arealplanlegging tek omsyn til dei yngste og deira behov. Barn og unge er sårbare, og målretta tiltak er påkrevd for at dei skal kunne ferdast trygt i trafikken.

Regjeringa vil (utdrag frå Barnas transportplan)

- gje barn gode moglegheiter til å vere aktive og sjølvstendige trafikantar
- ta omsyn til barn og unges behov i areal- og transportplanlegginga
- prioritere ei ramme på 500 millionar kroner i første seksårsperiode til tiltak som betrar trafikktryggleiken for barn og unge, mellom anna etablere ei tilskotsordning for å stimulere til lokalt arbeid for trygge skulevegar og nærmiljø
- jobbe for nullvisjonen, det vil seie at ingen skal bli hardt skadde eller drepne i trafikken

2.5 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei (2022-2025)

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022–2025 er utarbeidd av Statens vegvesen, politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og åtte storbykommunar. Planen har 179 tiltak fordelt på svært mange aktørar. Mange peikar på dette breie samarbeidet som ein viktig føresetnad for at Norge over tid har lukkast godt med trafikktryggingsarbeidet. Også ein kommunal trafikktryggingsplan kan bidra til å løfte lokalt samarbeid om betre trafikktryggleik.

Føremålet med tiltaksplanen er å presentere eit felles og breitt spekter av fagleg forankra tiltak, i tillegg til å styrkje samarbeidet mellom dei sentrale trafikktryggingsaktørane. Tiltaka i planen skal sikre at vi har stø kurs mot etappemålet i NTP.

2.6 Regional transportplan Vestland 2022-2033

Regional transportplan Vestland (RTP) er det overordna styringsdokumentet for samferdselsområdet i Vestland. Nullvisjonen er lagt til grunn, og satsinga på trafikktryggleik skal rettast mot dei alvorlegaste ulykkestypane. Som del av RTP finn ein Strategi for mjuke trafikantar, der hovudmålet er at fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bilen.

2.7 Handlingsprogram for trafikktryggleik i Vestland 2022-2025

Handlingsprogrammet tek føre seg heilskapen i trafikktryggingsarbeidet i fylket, og rettar ei breidde av tiltak og verkemiddel inn mot dei mest sentrale utfordringane for trafikktryggleiken. Tiltak som vert gjennomført skal vere kunnskapsbaserte. Hovudmålet i planen er: Færre skal omkomme og verte hardt skadde i vegtrafikkulykker i Vestland. Talet på drepne og hardt skadde skal reduserast frå 91 i 2022 til 44 i 2030.

For Vestland fylkeskommune er følgjande fire satsingsområder lagt til grunn:

- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strøk
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg
- Trafikksikker åtferd
- Trafikktryggingsarbeid i Vestland

2.8 Folkehelse og trafikktryggleik

Trass i ein markant reduksjon i talet på alvorlege trafikkulykker sidan 1970 blir trafikkulykker vurderte som eit betydeleg folkehelseproblem. Spesielt for unge utgjer trafikkulykker ei viktig årsak til tidleg død, helsetap og redusert livskvalitet.

I tråd med Meld. St. 19 (2014–2015) Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter vil regjeringa forsterke samarbeidet på tvers av sektorar for å førebyggje ulykker. Det er viktig at kommunen integrerar det ulykkesførebyggjande arbeidet generelt, og trafikktryggingsarbeidet spesielt, i

folkehelsearbeidet sitt. Etter folkehelselova § 4 skal kommunen bidra til å førebyggje skade og liding innanfor dei oppgåvene og med dei verkemidla kommunen er tildelt. Vidare følgjer det av § 20 at fylkeskommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen har.

3. Ulykkessituasjonen/-utviklinga i Hyllestad kommune

3.1 Trafikkulykker i Hyllestad kommune

Ulykker og skadar i trafikken fører til store lidingar for dei som blir råka, og er svært kostbare for samfunnet. Helse- og omsorgstenestene i kommunane må ta store delar av rekninga. Derfor lønner det seg å førebyggje.

Dei nasjonale tala på omkomne i vegtrafikkulykker går nedover. Talet på hardt skadde har derimot ikkje hatt like stor nedgang. Dei siste åra før 2021 låg talet på omkomne og hardt skadde i vegtrafikkulykker i Noreg på rundt 700 årleg. Av desse omkom om lag 100 personar. Dei nasjonale måla er å redusere dette talet til maksimalt 350 innan 2030, altså ei halvering av nivået i dag, i tråd med etappemåla mot nullvisjonen.

Ein rapport utgitt av Trygg Trafikk viser at dekningsgraden for registrering av svært alvorlege og alvorlege ulykker berre er 37 prosent, og for lettare skadegradar berre 15 prosent. Derfor er det grunn til å tru at dei reelle tala er mykje høgare.

Mange mindre skadar på vegane kjem ikkje fram i den offisielle ulykkesstatistikken fordi dei ikkje blir rapporterte til politiet. Dette gjeld spesielt eineulykker med mjuke trafikantar.

I perioden 2013 til 2023 er det registrert totalt 26 trafikkulykker, derav 0 dødsulykker, i Hyllestad kommune (Statens vegvesen).
Av dei 26 ulykkene er det registrert 0 drepne, 3 hardt skadde og 23 lettare skadde personar.



Det kan tyde på ei lita auke i ulykkesfrekvens etter 2020 og fram til i dag, der det i perioden er registrer 15 trafikkulykker, derav 1 hardt skadd og 14 lettare skadde personar.



Det er utforkøyringar som utgjer den største delen av ulykkene der det vert alvorleg eller lettare skadde. Ein ser også av statistikken at i perioden etter 2020 er det fleire ulike typar uhellstypar, med kryssande køyreretning, motsatt køyreretning og påkøyrsle av vilt (andre ulykker).



Statistikken syner at ulykkene aukar noko i sommarmånadane, noko som er naturleg. Det er også ei auking i desember.



Statistikken syner også at dei fleste ulykkene er registrert på fylkesvegane i kommunen. Tala er betydeleg lågare på kommunal og privat veg.



Statistikken syner at det er størst sannsyn for å bli lettare skada som bilførar og bilpassasjer. Dei alvorlegast ulykkene er knytt til bil og MC.

3.2 Trafikktryggingsutfordringar i kommunen

Hyllestad kommune har totalt 166 km med offentleg veg, fordelt på 94 km fylkesveg og 72 km

kommunal veg.

Fylkesveg 607 (Lavik-Horne) og fylkesveg 57 (Rysjedalsvika-Skor) er hovudferdselsårene gjennom kommunen og strekk seg høvesvis 40 km frå E39 i Lavik i aust til Horne i vest og 25 km frå Rysjedalsvika i sør til Skor i nord.

Befolkningsutviklinga i kommunen har vore svakt nedadgåande, med ei befolkning på 1391 i 2014 og 1268 i 2024. Likevel har antal køyretøy haldt seg stabilt på ca 1300.

Varetransport (lastebil og varebil) har auka frå 162 til 182 i perioden 2014 – 2024.

Hyllestad kommune har eit fylkesvegnett som treng utbetring. Vegnettet held ikkje dagens krav til køyreveg, med tanke på vegbreidde og kurvatur. I tillegg er det tunnellar som ikkje held dagens krav, verken i vegbreidde eller høgde.

4. Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er eit organisatorisk trafikktryggingstiltak og ei nasjonal godkjenningsordning i regi av Trygg Trafikk. For å bli godkjend som trafikksikker kommune skal kommunen ha innarbeidd rutinar og system for å kvalitetssikre trafikktryggingsarbeidet i heile verksemda.

Godkjenninga inneber at kommunen forpliktar seg til å arbeide systematisk med trafikktryggleik i alle relevante sektorar innanfor sitt ansvarsområde, og byggjer mellom anna på desse kriteria:

- Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggingsarbeidet hos ordførar og kommunedirektør.
- Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS-/internkontrollsystemet som gir reglar for reiser og transport i kommunens regi og ved kjøp av transporttenester.
- Kommunen har ei oppdatert oversikt over trafikkulykker i kommunen.
- Kommunen har ein trafikktryggingsplan.
- Kommunen har oppfylt kriteria for den enkelte sektor (oppvekst, kultur, helse, teknisk, plan, HR). Godkjenninga gjeld i tre år, og deretter kan kommunen bli godkjend på nytt.

Hyllestad kommune blei godkjent som Trafikksikker kommune av Trygg Trafikk i juni 2024.

5. Mål og strategi for trafikktryggingsarbeidet i Hyllestad kommune

5.1 Mål

Basert på dei nasjonale og regionale føringane har Hyllestad kommune følgjande overordna mål for trafikktryggleiksarbeidet, ei vidareføring av nullvisjonen:

«Det skal ikkje førekomme ulykker med drepte eller hardt skadde i vegtrafikken i Hyllestad kommune.»

Kommunen skal tilrettelegge for trygg sambruk mellom bilistar, gåande og syklande langs alle vegar i kommunen, og spesielt ved skule, barnehage, offentlege bygg, næringsbygg og turistanlegg.

5.2 Strategi

I *nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2022-2025* er det sett opp ei rekke tilstandsmål formulert som måltal. For å nå desse måla må det iverksettast tiltak. Hyllestad kommune skal arbeide

aktivt for å bidra til at vi oppnår desse tilstandsmåla.

Dette gjeld først og fremst på følgjande områder:

- Auka andel bruk av bilbelte, refleks, bakovervendt barnesikring og sykkelhjelm.
- Redusere andelen av bilistar som overskrid fartsgrensene.
- Arbeide med haldningsskapande tiltak retta mot rus i trafikken, spesielt for unge og unge vaksne.
- Arbeide målretta for at fleire går og syklar til skulen.
- Hyllestad skule godkjent som trafikksikker skule.
- Hyllestad barnehage er godkjent som trafikksikker barnehage.
- Kommunen er godkjent som trafikksikker kommune.

6. Kommunale tiltak

Hyllestad kommune vil arbeide med å fremje dei tiltaka som er utleia av konseptet «Trafikksikker kommune», med dei føringar og satsingsområde som ligg her. Tiltaka vil bidra til at kommunen reduserar risikoen for framtidige ulykker, og at kommunen framleis vil framstå som ein trafikksikker kommune.

Det ligg eit betydeleg ansvar på kommunedirektøren og strategisk leiargruppe for gjennomføring av tiltaka i planperioden.

6.1 Hyllestad som trafikksikker kommune

Hyllestad kommune si rolle som barnehageeigar

- I juni 2024 blei Hyllestad barnehage godkjent som «Trafikksikker barnehage». I planperioden skal barnehagen regodkjennast.
- Barnehagen si trafikkopplæring integrerast som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet og nedfellast i barnehagen sin årsplan.
- Barnehagen skal stille krav til busselskap og drosjer om belter og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester.
- Barnehagen sine tilsette skal kjenne til rutiner for handtering av uføresette faresituasjonar og hendingar på turar.
- Barnehagen skal ha utarbeida rutiner for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport.
- Barna skal få opplevingar og erfaringar om trafikkreglar for fotgjengarar.
- Barna skal få opplevingar og erfaringar om bruk av sansane sine i trafikken.
- Barna skal få opplevingar og erfaringar om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.
- Barnehagen skal ha rutiner for å ivareta barna sin tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass og port. Desse gjennomgåast årleg med foreldre og tilsette.
- Barnehagen skal påverke foreldre til å sikre barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring skal vere eit årleg tema på foreldremøter.

Hyllestad kommune si rolle som skuleeigar

- I juni 2024 blei Hyllestad skule godkjent som «Trafikksikker skule». I planperioden skal skulen regodkjennast.
- Skulen skal gje, i samarbeid med FAU, anbefalingar til føresette om sykling til skulen
- Skulen skal ha utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i skulen sin regi.

- Skulen skal ha gode rutinar for at planane vert følgt av dei tilsette.
- Skulen skal ha integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/årsplan i tråd med Kunnskapsløftet sine kompetansemål.
- Skulen sin læreplan for trafikk skal vere årleg tema på foreldremøte.
- Foreldre skal vere involvert i skulen sitt trafikktryggingsarbeid for eksempel gjennom FAU.
- Hyllestad kommune ska ha særleg merksemd retta mot skuleveg og trafikksikre soner rundt skulen (til dømes hjartesoner).

Hyllestad kommune som ansvarleg for kultur og helse

- Kommuneoverlegen skal vere kjent med kommunen sitt trafikktryggingsarbeid.
- Kommuneoverlegen skal medverke til at kommunen sine fastlegar har tilstrekkeleg kjennskap til helsepersonellova § 34 og korleis denne kan brukast for å redusere risiko for trafikkulykker.
- Helsestasjonen skal utarbeide dokumentasjon for når og korleis trafikktryggleik integrerast i møte med foreldre og barn.
- Kommunen sine frivillige organisasjonar skal årleg stimulerast til å innarbeide retningslinjer for sikker transport innanfor eiga verksemd.

Hyllestad kommune som vegeigar og planmynde

- Kommunen skal ha utarbeida prioriteringsliste for fysiske trafikktryggingstiltak på kommunal veg.
- Kommunen skal ha utarbeida prioriteringsliste for trafikktryggingstiltak på fylkesveg.
- Kommunen skal ha rutiner for å søke fylkeskommunale midlar til fysiske trafikktryggingstiltak.
- Kommunen skal ha rutiner for rydding av snø og vegetasjon på skulevegar.
- Kommunen skal ha rutiner for å kvalitetssikre trafikktryggleiken i samband med anleggsverksemd i kommunen.
- Kommunen skal ha utarbeida rutiner for handtering av innspel på trafikktryggleikstiltak frå andre etatar, organisasjonar og publikum.
- Trafikktryggleik skal vurderast og vektleggast for alle nye byggeområder ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.
- Trafikktryggleik skal vurderast og vektleggast ved handsaming av reguleringsplanar.

Hyllestad kommune som arbeidsgjevar

- Kommunen skal ha forankra ansvaret for trafikktryggingsarbeidet hjå ordførar og kommunedirektør. Den enkelte etatleiar kan ha delansvar.
- Kommunen skal ha eit utval som har ansvar for trafikktryggleik.
- Kommunen skal ha innarbeidd trafikktryggleik i HMS-/internkontrollsystemet sitt. Det inneheld reglar for reiser og transport i regi av kommunen og reglar ved kjøp av transporttenester.
- Trafikktryggleik skal vere eit årleg tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) til kommunen.
- Kommunen skal ha oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskadar) i kommunen.
- Trafikktryggleik skal vere ein del av folkehelsearbeidet til kommunen.
- Kommunen skal ha ein trafikktryggleiksplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Inkludert i planen er både trafikantretta og fysiske tiltak.
- Kommunen skal ha eit godt system for å handsame søknadar om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
- Kommunen skal ha oppfylt kriteria for den enkelte sektoren.

6.2 Kompetanseheving

Ein viktig del av trafikktryggingsarbeidet er det førebyggande arbeidet. Dette krev kompetanseheving i kommunen sine ulike sektorar/avdelingar, og må inngå i kommunen sine årlege planar for kompetanseheving. Det krev forankring hjå kommunen si strategiske leiargruppe, og er avgjerande for å lykkast med arbeidet.

Tiltak i planperioden:

- Trafikktryggingstiltak skal innarbeidast i dei årlege planane for kompetanseheving.
- Alle kommunen sine leiarar og mellomleiarar, samt HVO og HTV skal ha gjennomført ½ dags kurs i trafikktryggleik i løpet av planperioden.
- Det skal gjennomførast trafikktryggingskurs for alle tilsette som brukar motorisert køyretøy i sitt daglege virke. Alle tilsette som på dagleg/regelmessig basis brukar motorisert køyretøy i teneste skal få tilbod om å gjennomføre eit førstehjelpskurs kvart tredje år.
- Barnehagen skal ha hatt minimum to stykk frå det pedagogiske personalet på kurs i trafikktryggleik. Kursa vil ha fokus på Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, Trafikkopplæring mm.
- Skulen skal ha hatt minimum to av skulen sine lærarar på kurs i trafikktryggleik. Kurset vil ha fokus på kunnskapsløftet sine kompetansemål med omsyn til trafikk, Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, sykkelopplæring mm.
- Alle tilsette ved kommunen sin helsestasjon skal ha gjennomført trafikktryggingskurs innanfor området «sikring av barn i bil».
  Kursa kan arrangerast av kommunen i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Trygg Trafikk kan vere behjelpeleg med å arrangere kursa, som i hovudsak vil finne stad i kommunen. Dei respektive leiarar legg til rette for deltaking ved dei aktuelle kursa.

7. Økonomi

Trafikktryggleikstiltaka i denne planen skal innarbeidast i økonomiplanen. Samtidig skal tiltak som går over fleire år, samt tiltak med oppstart i handlingsplanperioden prioriterast i budsjettet kvart år frå 2025 til og med 2030.
Einingsleiarar/kommunalsjef har ansvaret for å innarbeide utgiftene innanfor eige budsjettområde.
Ein gyldig trafikktryggleiksplan er ein føresetnad for å kunne få bevilga støtte til trafikktryggingstiltak i kommunane. Det er Vestland fylkeskommune som fattar vedtak om tildeling av midlar. Frist for å søke om tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak er 1. januar kvart år.

8. Evaluering og rullering

Handlingsplan for fysiske trafikktryggingstiltak og vegvedlikehald for 2025 skal rullerast årleg i planen sin periode. Einingsleiarar/kommunalsjefar rapporterar årleg på tiltak innanfor eige ansvarsområde til leiargruppa og kommunedirektør. Kommunedirektør rapporterar årleg til Kommunestyret.

9. Vegvedlikehald

Kommunestyret gjorde vedtak i sak 21/083 den 09.12.2021 at vegvedlikehaldsplanen og trafikktryggleiksplanen skulle slåast saman og at det blei utarbeidd nytt felles handlingsprogram.

9.1 Mål

1. Oppnå generelt betre vegstandard på kommunale vegar.
2. Omklassifisere kommunale vegar til private.

9.2 Ansvar og oppfølging

Leiar for Drift og vedlikehald har ansvaret for utføring av tiltaka, og at det vert gjennomført årleg rullering av prioriterte vegar i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

9.3 Status kommunale vegar

Hyllestad kommune har ca. 72 km med kommunale vegar. Av dette er 44,7 km asfaltert (62 %) og 27,3 km grus (38 %). Det blei gjennomført ei omfattande oppgradering av det kommunale vegnettet i 2021, der det blei asfaltert for ca. 7 000 000 kr.

Dette viser igjen i KOSTRA-tala (tabell 1 under), der ein ser at andel kommunale vegar og gater utan fast dekke av alle kommunale vegar og gater (prosent) i Hyllestad kommune ligg vesentleg lågare enn Kostragruppe 14.

	Hyllestad			**Kostragr. 14**	**Landet**
Nøkkeltal	**2021**	**2022**	**2023**	**2023**	**2023**
Andel km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veier (prosent)	0,0	0,0	1,4	11,8	15,5
Andel kommunale veier og gater med belysning av alle kommunale veier og gater (prosent)	7,0	7,0	9,7	35,8	64,7
Utgifter til vedlikehold av kommunale veier og gater av totale nto. dr.utg. til kommunale veier og gater (prosent)	2,9	13,6	12,9	33,5	21,2
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke av alle kommunale veier og gater (prosent)	35,2	35,2	36,1	50,3	25,1
Brutto driftsutgifter til samferdsel per innbygger (kr)	3004	3267	4773	3196	2372
Brutto driftsutgifter til kommunale veier og gater (funksjon 332) eksklusive avskrivninger, per km (kr) (1000 kr)	43028	47056	65264	102107	182109
Brutto driftsutgifter til gatebelysning langs kommunale veier og gater per kilometer belyst vei (kr)	14000	9400	25714	17655	27858
Brutto investeringsutgifter til kommunale veier og gater per innbygger (kr)	8551	1009	1033	1471	1447
Antall km tilrettelagt for syklende som er et kommunalt ansvar (km)	0	0	1	105	6193
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per innbygger (kr)	2822	3065	4302	2901	1595
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr)	51268	54746	75764	118360	221871

Tabell 1 - KOSTRA



	2020	2021	2022	2023
Hyllestad	55,64	55,04	55,99	56,78
Kostragruppe 14	24,89	25,10	24,95	24,51

Hyllestad kommune har mange kilometer med kommunal veg å drifte og vedlikehalde per innbyggar, i forhold til Kostragruppe 14, som vi samanliknar oss med. Kostragruppe 14 ligg på 25 km, mens Hyllestad kommune ligg på 56 km.



	2020	2021	2022	2023
Hyllestad	2 001	2 842	3 106	4 522
Kostragruppe 14	2 216	2 246	2 559	2 950

Som ei følgje av dette ser ein ut frå KOSTRA-tala at Hyllestad kommune ligg vesentleg høgare enn Kostragruppe 14 for netto driftsutgifter per innbyggar til Samferdsle. Kostragruppe 14 ligg på 2950 kr (2023), mens Hyllestad kommune ligg på 4522 kr (2023).

Sjølv om det blei gjennomført omfattande asfaltering i 2021, så ser ein at driftsutgiftene likevel stig. Dette er hovudsakleg på grunn av stigande utgifter til vintervedlikehald (ny kontraktsperiode 2023-2028).

Det er store avstandar frå kommunesenteret og ut til yttergrensene, og ein stor del av dei kommunale vegane ligg i desse områda. Dette betyr at det er mange km med veg å vedlikehalde og det er relativt tungt å drifte på grunn av avstandane. Det vert derfor lagt opp til i planperioden å gjennomføre ei omklassifisering av kommunale vegar som fell innanfor kriteria for omklassifisering.
Det blei fatta vedtak i formannskapet i sak 19/129 om å starte opp arbeid med omklassifisering av vegar. Dette er ikkje blitt iverksett i planperioden, og vert derfor implementert i ny plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald 2025-2028. Kva vegar som er aktuelle å omklassifisere vil bli avklara i utforminga av prinsipp og kriterier, som skal politisk forankrast/vedtakast.

Mange av dei kommunale vegane endar opp ved fritidshus, nedlagde gardsbruk eller hytter. Vi finn og ein god del avstikkarar til husstandar. Dette skriv seg truleg frå ei tid der det var gardsdrift med mjølkeproduksjon. Det er også ein del gamle avtalar om vedlikehald og brøyting som kommunen må forhalde seg til.

Det vert gjennomført årleg kontroll av alle kommunale bruer. Tilsynsrapporten frå 2022 syner ein del manglar som bør rettast opp i løpet av planperioden.

Det same gjeld sikring av kommunale vegar med rekkverk. Det er gjennomført ein del tiltak i inneverande planperiode, men det er framleis behov for tiltak i komande planperioden.

9.4 Drift/investering

Driftsutgifter er løpande utgifter for å halde eigendelen i same standard som den var på anskaffingstidspunktet gjennom den økonomiske levetida som blei lagt til grunn ved anskaffinga, dvs. løpande vedlikehald for å halde eigendelen i tilfredsstillande stand.

Investeringsutgifter er utgifter til tiltak til tilfører eigendelen ein høgare standard eller ein annan funksjonalitet eller endra bruksmåte enn den har hatt tidlegare. Tiltak som aukar eigendelen si økonomiske levetid i forhold til det som blei lagt til grunn ved anskaffinga, eller auka kapasitet og funksjonalitet.

Vegforum for byar og tettstadar gjev følgjande avklaring om reasfaltering:

- Ved lapping av hol, mindre skadar i asfaltdekker (ifylling av krakeleringar) og liknande, utan at heile strekninga reparerast sjåast dette på som drift.
- Nytt asfaltlag som leggast på nedslitt asfaltlag, utan andre oppgraderingar av vegen sjåast på som drift. Dette gjeld sjølv om asfaltdekket er av ein betre (meir moderne standard) enn det opprinnelege.
- Ved nyfresing av eksisterande dekke, fornying av berelag, kantstein, sluk, osv. før legging av nytt dekke, sjåast dette på som investering. Tiltaka fører samla til ei vesentleg oppgradering og til ein høgare standard på vegen enn opprinneleg.

Det er derfor viktig at ein er bevisst på kva arbeid som må utførast for at vi skal kunne utgiftsføre reasfaltering som investering. Fullstendig grøftereinsk, skifte av stikkrenner og kummar, samt utbetring av setningar og spor, er etter administrasjonen si vurdering tiltak som gjev ei vesentleg oppgradering og ein høgare standard enn opprinneleg. Dermed kan det førast som investering.

9.5 Tiltak

1. Oppnå generelt betre vegstandard på kommunale grus- og asfaltvegar
    a. Auke opp standard på grusvegane
    b. Asfaltere grusvegar
    c. Prioritere grøftereinsk og byte ut dårlege stikkrenner for grusvegar
    d. Reasfaltere vegar med fast dekke som er eldre enn 15 år (etter prioritert liste), inkl. grøftereisk, byte av kummar, stikkrenner og avretting
    e. Syte for at ein har nytt og velfungerande utstyr (m.a. traktor og gravemaskin med naudsynte reiskapar)
    f. Auke investeringsramma til kostrasnitt i løpet av planperioden
    g. Bygge ut fleire strekningar med nye gatelys (ihht trafikktryggleiksplan)

2. Omklassifisere kommunale vegar til private
    a. Utarbeide prinsipp og kriterier for omklassifisering av kommunale vegar til private (politisk vedtak)
    b. Kartlegge kva kommunale vegar som fell innanfor kriteria for omklassifisering

Vedlegg 1 – Handlingsprogram 2025-2028

Førebyggande tiltak

Tiltak
Trafikktryggingstiltak skal innarbeidast i dei årlege planane for kompetanseheving.
Alle kommunen sine leiarar og mellomleiarar, samt HVO og HTV skal ha gjennomført ½ dags kurs i trafikktryggleik i løpet av planperioden.
Det skal gjennomførast trafikktryggingskurs for alle tilsette som brukar motorisert køyretøy i sitt daglege virke. Alle tilsette som på dagleg/regelmessig basis brukar motorisert køyretøy i teneste skal få tilbod om å gjennomføre eit førstehjelpskurs kvart tredje år.
Barnehagen skal ha hatt minimum to stykk frå det pedagogiske personalet på kurs i trafikktryggleik. Kursa vil ha fokus på Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, Trafikkopplæring mm.
Skulen skal ha hatt minimum to av skulen sine lærarar på kurs i trafikktryggleik. Kurset vil ha fokus på kunnskapsløftet sine kompetansemål med omsyn til trafikk, Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, sykkelopplæring mm.
Alle tilsette ved kommunen sin helsestasjon skal ha gjennomført trafikktryggingskurs innanfor området «sikring av barn i bil».

Fysiske tiltak kommunale vegar – prioritert liste

Pri	Tiltak	Fin	Total	2025	2026	2027	2028
1	Kulvert - Bergsvegen	I	600	600			
2	Siktsone Lekvakrysset	I	220*	220*			
3	Dropp-sone Hyllestad skule	I	500**	500**			
4	Vedlikehald - bruer	I	1125***	1 125***			
5	Gatelys - Myklebustlia	I	600				
6	Skilting – kommunale bustadfelt	D	60				
7	Rekkverk	I	400				
8	Utbetre farleg sving Eide	D	10				
9	Gatelys - Nesvegen	I	2000				
10	Asfaltering	I	3200				
11	Gatelys - Lekvavegen	D	50				
	Totalt			**600 (1845*)**			

Alle tal i heile 1000. Finansiering: I=investering, D=drift
**Allereie løyvd midlar til gjennom parkeringsplass-prosjektet på Lekva.*
***Allereie løyvd midlar til. Attståande 500 000 kr i prosjekt 2056 – Sentrumstiltak Hyllestad.*
****Allereie løyvd midlar til. Attståande 1 125 000 kr i prosjekt 2098 – Kommunal bru – oppgradering ihht. rapport.*

På grunn av høg gjeldsgrad og høge kapitalkostnadar, vert ikkje tiltak 5-10 lagt inn i handlingsprogram for 2026-2028. Om dei økonomiske føresetnadane skulle endre seg kan ein revidere handlingsprogrammet i løpet av planperioden.

Pri.	År	Trafikktr. (T) Vegv. (V)	Prioriterte tiltak	Kartutsnitt
1	2025	V	**Kulvert – Bergsvegen** - Reparasjon av kulvert under kommunal veg Bergsvegen. - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks mva: 600 000 kr - Investering	
2	2025	T	**Siktsone – Lekvakrysset** - Utbetre siktsonene i begge retningar i Lekvakrysset. - Krav frå VLFK i samband med ny parkeringsplass på Lekva. - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks mva: 220 000 kr - Investering	
3	2025	T	**Dropp-sone ("Kiss and ride") Hyllestad skule** - Opparbeiding av korttidsparkering/dropp-sone for elevar til Hyllestad skule. - ÅDT: Ukjent - Det er attståande 500 000 kr i sentrumsprosjektet, som er løyvd tidlegare. - Estimert kostnad eks. mva: 500 000 kr - Investering	
4	2025	V	**Vedlikehald av kommunale bruer** - Ihht rapport frå 2022 utført av Safecontrol AS. - Det er løyvd 1 125 000 kr til dette prosjektet. - **Handalen bru** KV 27 – Handalsvegen Estimert kostnad eks. mva:	Handalen bru:

			85 000 kr - **Tauning bru** KV 36 Estimert kostnad eks. mva: 85 000 kr - **Haugane bru** KV 47 – Ekreskardvegen Estimert kostnad eks. mva: 50 000 kr - **Atterås bru** KV 33 – Atterås Estimert kostnad eks. mva: 30 000 kr - **Kolgrov bru** KV 12 – Kolgrov Estimert kostnad eks. mva: 90 000 kr - **Myklebust bru** KV 11 Estimert kostnad eks. mva: 20 000 kr - **Furuneset bru** KV 65 – Hydalsvegen Estimert kostnad eks. mva: 260 000 kr - **Høydalsvatnet bru** KV 65 – Hydalsvegen Estimert kostnad eks. mva: 60 000 kr - **Teigsaga bru** KV 69 – Trøsdalsvegen Estimert kostnad eks. mva: 85 000 kr	Tauning bru: Haugane bru: Atterås bru:  Kolgrov bru:  Myklebust bru:

				 Furuneset bru: Høydalsvatnet bru:  Teigsaga bru:
5	2026	T	**Gatelys – Myklebustlia** - Oppføring av gatelys på manglande strekning i Myklebustlia (ca 280 m). - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks. mva: 600 000 kr - Investering	
6	2026	T	**Skilting – kommunale bustadfelt**	- Myklebustlia

			- Skilting «born leikar» og nedsett fartsgrense i alle kommunale bustadfelt. - Nye «Sone 30 km/t» skilt i alle kommunale bustadfelt, og aktuelle kommunale vegar. - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks. mva: 60 000 kr - Drift	- Salbu bustadfelt - Sørbø bustadfelt - Heggebøen - Eidsneset - Ytre Bø
7	2026	T	**Rekkverk** - Sving mot Markhus (Markhusvegen) 20 m - Sving mot Botnen (Markhusvegen) 20 m - Lølandsneset 40 m - Bruer Hellemsvegen - Bru Høstaker (Skor) - Myklebustlia ca 50 m - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks. mva: 400 000 kr - Investering	Markhusvegen:  Lølandsneset:  Hellemsvegen:  Høstaker:

				 Myklebustlia:
8	2026	T/V	**Utbetre farleg sving på Eide** - KV 73 - Skivenesvegen - Fjerning av vegetasjon. - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks. mva: 10 000 kr - Drift	
9	2027	T	**Gatelys – Nesvegen** - Oppføring av gatelys langs Nesvegen (900 m) - Planar om kommunal vasstilførsel til Nes i ny hovudplan VA, må samordnast ifm utbygging. - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks. mva: 2 000 000 kr - Investering	
10	2028	V	**Asfaltering** - **KV 17 – Sognesjøvegen (reasfaltering 770 m)** Estimert kostnad eks. mva: 600 000 kr - **KV 1 – Nesvegen (700 m reasfaltering og 170 m nyasfaltering)**	KV 17 – Sognesjøvegen

			Estimert kostnad eks. mva: 700 000 kr - **KV 40 – Systaddalen (415 m reasfaltering)** Estimert kostnad eks. mva: 300 000 kr - **KV 56 – Sveienvegen (400 m nyasfaltering)** Estimert kostnad eks. mva: 300 000 kr - **KV 3 – Sæsolvegen (1040 m nyasfaltering)** Estimert kostnad eks. mva: 800 000 kr - **KV 33 – Atterås (650 m nyasfaltering)** Estimert kostnad eks. mva: 500 000 kr **Totalt: 3 200 000 kr**	KV 1 – Nesvegen  KV 40 – Systaddalen KV 56 – Sveienvegen KV 3 – Sæsolvegen 

				KV 33 – Atterås 
11	2025/2026	T	**Gatelys – Lekvavegen** - Det manglar 1-2 gatelyspunkt for å få gatelys heilt fram til Lekvakrysset (ca. 75 m parsell). - ÅDT: Ukjent - Estimert kostnad eks mva: 50 000 kr - Drift	
	Ikkje prioritert	T	**Gatelys (Leirvik – toppen Vikadalen)**	
	Ikkje prioritert	T	**Utbetre siktsona v/Høstaker**	
	Ikkje prioritert	T	**Utbetre siktsone v/Hatlemsbotten**	
	Ikkje prioritert	T	**Gatelys – KV 34 Aksane**	

Fysiske tiltak fylkeskommunale vegar – prioritert liste

Fylkeskommunale vegar				
Pri	**Tiltak**	**Kvifor**	**Kostnad/Finansiering**	**Merknad**
1	**Utbetring av FV frå E39 i Lavik via Leirvik, Hyllestad og Sørbøvåg til Laberg (grense mot Fjaler)** FV 607 og FV 5655	Vegen er smal og tidvis uoversiktleg, og held ikkje dagens krav til hovudveg. Vegen er ei viktig hovudferdselsåre frå E39 i Lavik via Hyllestad kommune sine 3 tettstadar Leirvik, Hyllestad, Sørbøvåg. Viktig å få oppgradert med tanke på vidare samfunn- og næringsutvikling i	Fylkeskommunen	Må spelast inn til RTP. Krev reguleringsplan. Alternativt punktutbetring.

		kommunen. Vil bidra positivt til tungtrafikken til skipsverftet Tersan Havyard og industriområde på Lutelandet. Sistnemnde er peika på som ein grøn hub i Grøn Region Vestland. **ÅDT:** 308 (Bekksneset-Heggebø), 600 (Heggebø-Bøbrua), 700 (Bøbrua-Staurdalen), 600 (Staurdalen-kryss Birkeland, 700 (kryss Birkeland-Hyllestad sentrum), 400 (Hyllestad sentrum-Salbukrysset), 250 (Salbukrysset-Eidekrysset), 250 (Eidekrysset-Laberget) **ÅDT, andel lange køyretøy**: 18 % (Bekksneset-Heggebø), 12 % (Heggebø-Bøbrua), 9 % (Bøbrua-Staurdalen), 9 % (Staurdalen-kryss Birkeland), 9 % (kryss Birkeland-Hyllestad sentrum), 10 % (Hyllestad sentrum-Salbukrysset), 10 % (Salbukrysset-Eidekrysset), 10 % (Eidekrysset-Laberget)		
3	**Utbetring av FV mellom Leirvik og Nautsund (grense mot Fjaler)** FV 57	Vegen er smal og tidvis uoversiktleg, og held ikkje dagens krav til hovudveg. Vegen er ei viktig hovudferdselsåre gjennom Hyllestad, frå Rysjedalsvika mot Dale. Viktig for å knyte Hyllestad kommune tettare saman med Fjaler og Askvoll med tanke på pendling og felles bu- og arbeidsområde. **ÅDT:** 700 (Leirvik-Staurdalen), 400 (Staurdalen-Løland bru), 300 (Løland bru-Nautsund)	Fylkeskommunen	Må spelast inn til RTP. Krev reguleringsplan. Alternativt punktutbetring.

		ÅDT, andel lange køyretøy: 9 % (Leirvik-Staurdalen), 10 % (Staurdalen-Løland bru), 12 % (Løland bru-Nautsund)		
5	**Busslomme m/busskur** FV 607 – Ytre Hatlem (Åfjordvegen 405)	Eksisterande busslomme er plassert på feil side av fylkesvegen, og fører til trafikkfarlege situasjonar for skuleborn gåande langs vegen fram til busslomme. ÅDT: 400 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	Vert prosjektert av HK i 2024.
6	**Gang- og sykkelveg langs FV frå eksisterande gangveg gjennom Svartedalen fram til Nesvegen** FV 607	Hyllestad kommune har med hjelp av trafikktryggingsmidlar bygd ut gatelys langs gangveg frå Hyllestad sentrum, gjennom Svartdalen til Buavika. Ved å få bygd gang- og sykkelveg langs FV 607 fram til Nesvegen (ca 175 m) får ein ein samanhengande gangveg frå Hyllestad sentrum til Nesvegen. ÅDT: 400 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	Krev prosjektering og regulering.
7	**Gatelys – Bøbrua til Hyllestad utviklingspark** FV 57	Manglande gatelys langs FV 57 frå Bøbrua til Hyllestad utviklingspark. Har vore spelt inn til trafikktryggleiksplanen ved fleire høver. ÅDT: 600 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
8	**Gang- og sykkelveg/fortau langs FV frå kryss til Svartedalen fram til nytt gangfelt mot SPAR**	Hyllestad kommune har med hjelp av trafikktryggingsmidlar bygd ut gatelys langs gangveg frå Hyllestad sentrum, gjennom Svartdalen til Buavika. Ved å få bygd	Fylkeskommunen	Krev prosjektering og regulering/ omregulering

	FV 607	gang- og sykkelveg/fortau frå kryss mot Svartedalen fram til nytt gangfelt over FV 607 mot Spar Hyllestad får ein kopla saman gangvegen med eksisterande gangvegnett mot Myklebustlia, skulen, kommunehuset og barnehagen. ÅDT: 700 ÅDT, andel lange køyretøy: 9 %		
9	**Opphøga gangfelt over FV 607 ved kryss mot Spar** FV 607	Sett i samanheng med punkt over. Er nødvendig for å få kopla saman gangvegnettet som kjem frå Svartedalen til eksisterande gangvegnett. ÅDT: 700 ÅDT, andel lange køyretøy: 9 %	Fylkeskommunen	
10	**Gatelys – Kryss Hyllestad sentrum til kryss til Sæsol** FV 607	Manglande parti med gatelys frå kryss ved Hyllestad kyrkje til kryss mot Sæsol (ca 400 m). ÅDT: 400 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	Pågåande dialog med VLFK.
11	**Gatelys – Salbukrysset til kryss Sørbøfeltet** FV 5655	Punktvis gatebelysning i dag. Ynskje om samanhengande gatebelysning frå kryss på Salbu til kryss mot Sørbøfeltet (ca 2600 m). ÅDT: 250 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
12	**Busskur m/busslomme** FV 5651 – ved Lekvakrysset	Eksisterande busskur er plassert på feil side av FV, som fører til trafikkfarlege situasjonar når born skal gå av/på buss. Busskuret må bytast ut og settast på riktig side av FV.	Fylkeskommunen	Er prosjektert av HK i 2024. Hyllestad kommune ynskjer å gjennomføre tiltaket i samband med siktutbetringstiltak i krysset i 2025.

		ÅDT: 150 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %		
13	**Busskur m/busslomme** FV 5655 – Salbu bustadfelt	Det manglar busskur langs FV 5655 ved Salbu bustadfelt. For å sikre trygg skuleveg for borna i bustadfeltet må dette på plass. ÅDT: 250 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	Er pågåande reguleringsplanarbeid for omregulering av Salbu bustadfelt. Busstopp vil vere ein del av planarbeidet.
14	**Opphøga gangfelt over FV 607 – Myklebustfeltet** FV 607	Born i Myklebustfeltet går til skulen, og kryssing av FV kan vere trafikkfarleg. Eit opphøga gangfelt vil tvinge farten ned for køyretøy. Dette har vore spelt inn ved fleire høver. ÅDT: 700 ÅDT, andel lange køyretøy: 9 %	Fylkeskommunen	
15	**Gangfelt over FV ved Øen kyrkje** FV 5655	Det er nyleg opparbeidd turveg i Hamneparken friområde, som munnar ut ved FV ved Eiklund omsorgssenter. For å kople turvegen til omsorgssenteret er det ynskjeleg å sikre trygg ferdsle over FV. ÅDT: 250 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
16	**Opphøga gangfelt over FV frå Ytre Bø-feltet og til busskur på motsatt side** FV 57	For at born og unge og mjuke trafikantar skal komme seg trygt over FV til busskur på motsatt side av FV er det ynskjeleg med eit oppheva gangfelt ved det kommunale bustadfeltet Ytre Bø. ÅDT: 600 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
17	**Opphøga gangfelt over**	For at born og unge og	Fylkeskommunen	

	FV frå Sørbøfeltet til busslomme på motsatt side FV 5655	mjuke trafikantar skal komme seg trygt over FV til busslomme på motsatt side av FV er det ynskjeleg med eit oppheva gangfelt ved det kommunale bustadfeltet Sørbøfeltet. ÅDT: 250 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %		
18	**Siktutbetring på strekninga Hyllestad-Lifjorden (Risnes)** FV 5650	Det er dårleg sikt på store delar av FV 5650 frå Hyllestad til Risnes (Lifjorden). Vegen er smal og det veks vegetasjon inn i og over vegbana. Kan føre til trafikkfarlege situasjonar. ÅDT: 150 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
19	**Utbetring av veg Rysjedalsvika-Rysjedalsvågen** FV 5651	Vegen er smal og tidvis uoversiktleg. Her er i periodar mykje tungtrafikk som følgje av asfaltverket i Listraumen. I tillegg er det lokale entreprenørar lokalisert både på Sognnes og i Indrefjorden. ÅDT: 50 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
20	**Sikring av murar på strekninga Hovland-Risnes, Hyllestad-Lireid** FV 5650	Vegen ligg på murar som blei bygd då vegen blei bygd tidleg på 1900 talet. Det er behov for å kartlegge status på desse murane og evt sikring av mange av desse murane. Lifjordvegen er ein risikoveg sidan det kun er ein inn- og utfartsveg. ÅDT: 150 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
21	**Gatelys – Heggebø til Bråstad**	Manglande parti med gatelys.	Fylkeskommunen	

	FV 607	ÅDT: 308 ÅDT, andel lange køyretøy: 18 %		
22	**Rekkverk v/Eidekrysset og utbetring av kryss ved Akse/Birkeland** FV 5654	Vegen ved Eide er bratt og det er ynskjeleg å få sett opp rekkverk langs vegen mot aust. Krysset mot Aksane er uoversiktleg, og ligg nede i ein dump, med dårlege siktsoner. ÅDT: 200 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
23	**Rekkverk Rysjedalsvika-Indrefjorden** FV 5651	Det manglar rekkverk på store delar av FV 5651 frå Rysjedalsvika-Indrefjorden. ÅDT: 50 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
24	**Fartsdempar ved innkøyring til Heggebøfeltet** FV 607	Det er komme inn innspel om fartsdempar ved kryss inn til kommunal veg til Heggebøfeltet. ÅDT: 308 ÅDT, andel lange køyretøy: 18 %	Fylkeskommunen	
25	**Gatelys – Åfjorddalen grendahus til Eidsnes** FV 57	Manglande gatebelysning frå Åfjorddalen grendahus til kryss til Eidsnes bustadfelt. ÅDT: 400 (Åfjorddalen grendahus-kryss Eide), 300 (kryss Eide-kryss Eidsnes bustadfelt) ÅDT, andel lange køyretøy: 10 % (Åfjorddalen grendahus-kryss Eide), 12 % (kryss Eide-kryss Eidsnes bustadfelt)	Fylkeskommunen	
26	**Utviding av sving sør for Furnesvika, samt rekkverk 140 m frå Svoelva**	Smal og uoversiktleg sving på Lifjordvegen, ved Svoelva. ÅDT: 150	Fylkeskommunen	

	FV 5650	ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %		
27	**Utbetre vegkryss ved butikk/Hamneparken (Sørbøvåg)** FV 5655	Lite definert kryss, uoversiktleg trafikksituasjon. ÅDT: 250 ÅDT, andel lange køyretøy: 10 %	Fylkeskommunen	
28	**Redusert fartssone gjennom Hyllestad sentrum** FV 607	Tidvis høg hastigheit på køyretøy gjennom Hyllestad sentrum, og i hovudsak frå Kvernsteinsparken forbi kryss til Myklebustfeltet og ned til kryss mot Sørbøvåg/Lifjorden.	Fylkeskommunen	
29	**Redusert fartssone (60 km/t) til vest for bustadfelt Indre Giil** FV 5655	Det er komme inn innspel om nedsett fartsgrense i strekninga frå Sørbøvåg til busetnad ved indre Giil.	Fylkeskommune	
30	**Plan for parkering, skilting og betre markering for kvar passasjerar skal bevege seg** FV 57	Uoversiktleg og trafikkfarleg plassering av parkeringsplass ved kryss mot FV 5651. Fører til at gåande må gå tvers over biloppstillingsplassar for ferje for å komme til terminalbygg/kai.	Fylkeskommune	
31	**Utvide 50 km/t-sone aust, etablere gangfelt over FV** FV 607	Innspel om å flytte eksisterande 50 km/t-sone austover ved Kvernsteinsparken, på grunn av tryggare tilkomst til krossbrotet på andre sida av FV. Også ynskje om gangfelt over FV.	Fylkeskommune	
32	**Rydding av skog – Bøfjordvegen 158-Bø kyrkje** FV 57	Innspel om siktutbetring på strekninga frå kryss til Bøfjordvegen 158 til kryss Bø kyrkje.	Fylkeskommune	
33	**Redusert fartsgrense gjennom Skor** FV 57	Innspel om redusert fartsgrense gjennom Skor.	Fylkeskommune	
34	**Utbetring av sving ved Risnes**	Innspel om utbetring av dobbel trang sving ved Risnes, med mur på	Fylkeskommunen	

	FV 5650	oppsida av vegen og autovern på nedsida.		
35	**Utbetring av sving (mellom Hellemskrysset og Lekvakrysset)** FV 5650	Innspel om utbetring av ca 80 graders sving, med høg hammar på oppside av vegen.	Fylkeskommunen	
36	**Utbetring av sving (ved Øvre Lireidtjønna)** FV 5650	Innspel om utbetring av skarp sving med dårleg sikt ved Øvre Lireidtjønna.	Fylkeskommunen	Vert prosjektert av HK i 2024/2025 som forslag til punktutbetring og vidare dialog med VLFK.
37	**Utbetring av sving (ved Lireid)** FV 5650	Innspel om utbetring av sving i bratt helling med dårleg sikt.	Fylkeskommunen	
38	**Utbetring av sving (mellom Svoa og Kleivevika)** FV 5650	Innspel om utbetring av sving meg dårleg sikt og manglande autovern.	Fylkeskommunen	

Vedlegg 2 – Innspelsliste – trafikktryggingstiltak
Vedlegg 3 – Vegliste – kommunale vegar

Hyllestad kommune

Lifjordvegen 7
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no

Desember 2024